

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
v/ Fylkesrådmann

Bergen 8.11.2018

SØKNAD OM JUBILEUMSGÅVE FOR 2019

Takk for kr 50.000,- i driftsstønning for 2018!

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med 100 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har nesten 70 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoedstankar er tema i halvparten av chatsamtalene og SOS-meldingane, og i 2.463 av telefonsamtalene i 2017. Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Noreg, og er i tillegg store på meldingar og chat via internett. Kirkens SOS i Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter i Noreg.

- I 2017 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 21.508 telefonsamtaler, 2.094 SOS-chat og 1.309 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.
- I 2019 feirar vi 40 års jubileum, og ønsker å markere dette på ulike måtar der vi når ut med informasjon til heile fylket, samt arrangere ein fagsamling der tema er relatert til sjølvmoedsførebygging / snakke med menneske i krise / Den gode samtalen.
- Sjølvmoed er kostbart både reint menneskeleg, men også økonomisk for det offentlege, og det å støtte arbeidet Kirkens SOS driv, vil såleis vera ein rimeleg investering.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi, og er heilt avhengig av lokale bidrag.

Kirkens SOS i Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi søker derfor om ei jubileumsgåve for 2019 på kr 25.000,-.

Med helsing



Greta Gramstad
Dagleg leiar

